



# Stad kommune Nordfjordeid skule

Dato: 28.01.2022

Medlemmer i Skulemiljøutvalet(SMU) og Samarbeidsutvalet (SU)

Pedagogar	Nikolai Heggedal Tone Nilsen	X
Andre tilsette	Kathrine M. Bjørnholt	X
SU-leiar	Jøran Rise	X
SU-nestleiar	Lene Marie Midthjell	
Elevråd - leiar	Nikolai Kostopoulos Rindal	X
Elevråd - nestleiar	Iiril Midthjell Myklebust	X
Stad kommune - skule	Anne-Grete Eikås Peder Felde	X X
Stad kommune - politisk	Hans Petter Gilleshammer	X
SMU: Føresett	Benedikte Dæmring	X
SMU: Elev	Alliyah Villamor Ludwig	X

## **Skulemiljøutval (SMU):**

Samarbeidsutval (SU) + ein føresett + ein elev

## **Referat frå møte i SMU og SU**

Dag: Tysdag 25.01.2022

SMU: Kl. 19.30 - 20.15

SU: Kl. 20.15 - 21.00

Stad: Personalrommet

### **Saker SMU kl. 19.30 - 20.15:**

1. Gjennomgang av referat frå møte 09.11.2021  
Leiar Jøran Rise gjekk gjennom referatet.
2. Elevundersøking  
Elevundersøkinga er ei årleg undersøking der kvar enkelt elev får seie meininga si om læring og trivsel i skulen. Undersøkinga er anonym og blir gjennomført på 5.-, 6.- og 7.trinn. Resultata på 5.- og 6. trinn er til internt bruk, medan resultata på 7. trinn blir offentleggjort.  
Skulen gjennomførte elevundersøking før jul. Jamt over viser undersøkinga gode resultat frå alle dei tre trinna ved Nordfjordeid skule. Ein kan sjå at tiltak som har vore sette i verk kan sjå ut til å ha fungert. I etterarbeidet til skulen må ein undersøke nærare dei områda med lågast score.
3. Elevrådssaker  
Det har vore positivt med skulefrukost arrangert av elevrådet.  
Klassene har vore med på reflekskampanje.  
5.-7. trinn har fått høve til snøballkasting i eine ballbingen. Det er klare reglar som gjeld.

Postadresse:  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid

Telefon: 57 86 34 20

E-post: age@stad.kommune.no



## Stad kommune Nordfjordeid skule

#### 4. Heim-skule samarbeid

Det er planlagt fagdag «Vaksenstyrt kvardag» 16.03.2022 i Eidahallen. Skulen sin digitale psykolog skal halde foredrag for tilsette på dagtid og føresette med fleire blir inviterte på kveldstid. Det er ønskjeleg med god oppslutnad om arrangementet. God marknadsføring blir viktig.

#### 5. Eventuelt

Ingen saker

### **Saker SU kl. 20.15 - 21.00:**

#### 1. Gjennomgang av referat frå 09.11.2021

Leiar Jøran Rise gjekk gjennom referatet.

#### 2. Aktuelt

Covid-19 - grønt nivå:

- Ingen sjuke
- God hygiene, god ventilasjon og normalt reinhald
- Kontaktreducerande tiltak:

Unngå fysisk kontakt mellom personar(handhelsing, klemming)

Avstand mellom tilsette

Vanleg organisering av klasser/grupper og skulekvardag

Innkjøp av læremiddel:

Vi vil i løpet av våren vurdere dei ulike forlaga sine bøker og digitale ressursar.

#### 3. Budsjet 2022

Nordfjordeid skule har fått i oppgåve å spare kr 470 000 på vakansar i 2022. I praksis er det betre for skulen enn kutt i stillingar, men den økonomiske situasjonen i Stad kommune bekymrar oss.

#### 4. Høyring skysselement

Ingen innspel til forslaget som vart lagt fram.

Forslaget gir elevar frå Taklo, Rotihaug, Roti og Bjørlo skysse.

#### 5. Eventuelt

Det kom innspel om at SFO-bygget må inn i økonomiplan for renovering/utbygging.

Det er behov for meir plass både i garderobar, klasserom, kontor og lager. Kva kan gjerast på kort sikt?

Anne-Grete Eikås  
skrivar